

Svar til spørsmål på folkemøte 10.06.2025 om områdeplanar og skulestruktur

Spørsmål	Svar
Frk Olsen Er det synleggjort kor mykje kommunen reelt sparar på kvar nedlagt skule og kva alternativkostnader som oppstår i andre sektorar (transport, helse, fritid)?	Det er utgreidd kva dei ulike stukturalternativa kostar, men det er ikkje utgreidd kostnadsreduksjonar eller kostnadsauke i andre sektorar. Det er heller ikkje relevant å vurder kostnader i andre sektorar, då vi kan gjennomføre avbøtande tiltak. Skuleskyss er ein del av kostnadsbiletet som er med i berekningane.
Anonym Står denne planen i tråd med kommuneplanen sin visjon om å utvikle «gode og attraktive lokalsamfunn», også i ytre og spreidde strøk?	Ja, uavhengig av om eit lokalsamfunn har skule eller ikkje er det viktig å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn
Anonym Korleis vert barnas beste konkret vurdert, og korleis er barneperspektivet faktisk innarbeidd i dei ulike alternativa?	Oppsummering av barnets beste vurdering knytt til skyss For alle tre skulane som er føreslegne nedlagde vil ikkje nye skyssmåtar/skysstider vere utanfor det kommunedirektøren vurderer som akseptabelt. Det vil også vere mogleg for borna å nytte fritidsaktivitetar som tidlegare. Unnataket her kan vere yngre elevar som er busett på Stavøy og skal gå på Florø barneskole som gjerne ikkje har høve til å følgje andre rutetider enn dei som er sett som skuleskyss. Skulebyte og barnets beste vurdering Ei skulestrukturendring vil kunne medføre ei stor omstilling for elevane dette gjeld. For nokre elevar kan det å byte skolemiljø vere krevjande. Å skifte frå eit nært og kjent skolemiljø til noko ukjent og større kan vere utfordrande. For andre elevar vil dette gje høve til å skape nye vennskap og relasjoner. Vekting av barnets beste opp mot andre relevante omsyn. Den konkrete vektinga av barnets beste i høve at elevar ved skulenedlegging vil måtte byte skule, samt at mange elevar får ei lengre reisetid til skulen vil i denne saka vegast opp mot : Kinn kommune sine økonomiske utfordringar der det innafor oppvekstsektoren er lagt opp til ein rammereduksjon på 46 millionar kroner. Overkapasitet i skulebygga ut frå tal elevar pr. i dag, som vert ytterlegare forsterka ved ein framtidig elevtalsnedgang. Dette gjev behov for å redusere drift, vedlikehald og rehabilitering av færre skulebygg, samt sikre framtidig rekruttering til sterke profesjonsfellesskap i større skular. Sjå og kap. 8.1.
FRK O Vil ei eventuell nedlegging av skular verkeleg styrke utvikling i bydelane Florø og Måløy – eller kan det svekke livskrafta i omlandet dei er avhengige av?	Framlegg om nedlegging av skular er ikkje tiltak for å korkje svekke eller styrke bygdene eller byane våre. Det er tre viktige grunnar til at det vert foreslått nedlegging av skular og det er overkapasitet i skulebygga, reduksjon i driftsrammer knytt til redusert elevtal og mange m ² skulebygg som vi ikkje har halde ved like.
Anonym Rapporten meiner at skulenedlegging har "liten innverknad på samfunnsutviklinga" – men kva belegg har dei for det, med tanke på forsking som peikar på det motsette? Forskinga som er nevnt i rapporten fra Kina har ingen samanheng med norden. Thoresen sin rapport som det blir referert til på side 79 kan heller ikkje bli brukt til samanlikning då klassestorrelsen var på typisk 5 elevar og ungdomstrinn. Ein bør ikkje bruke det som samanlikning med våre barneskular.	Forskinga det vert vist til viser at det er liten samanheng mellom klassestorleik og kvalitet. Det er andre faktorar som er avgjerande m.a. leiing, samarbeid, kompetanse, vennskap og undervisning m.m. Det er viktig å sikre gode overgangar og samarbeid om trygg skuleveg. Skulestorleik er difor ikkje sentralt ved vurdering av om ein skule bør leggast ned eller ikkje i rapporten. Forsking i kap. 2.5.4 viser kva som er dei viktigaste grunnane til flytting til distriktskommunar.
Frk I kva grad bygger rapporten sine konklusjonar på oppdatert og lokaliseringspesifikk forsking om verknadene av skulenedlegging i distriktskommunar? Rapporten refererer til generell forsking (t.d. Båtevik m.fl., Solstad) som viser at skulenedlegging ofte er ein konsekvens, ikkje ein årsak til uttynning av lokalsamfunn. Likevel vert det ikkje grundig drøfta korleis desse funna stemmer med Kinn kommune sine eigne erfaringar og utviklingstrekk. Kan det vere at denne generelle forskinga ikkje fullt ut fanger opp dei lokale konsekvensane i dei aktuelle bygdene?	Vi har sett på folketalsutviklinga i to lokale grunnkretsar der ein har lagt ned skular tidlegare. Dette kan gje ein peikepinn på kva konsekvensar nedlegging av skule har hatt i lokalsamfunn i vår eigen kommune. Kvalheim, der skulen vart lagd ned i 2003, har ein mindre tilbakegang i folketal, og barn i aldersgruppa 6-12 år har vore ganske stabil dei siste 10 åra. Grunnkretsane på Raudeberg, som har grunnskule, har hatt ein vesentleg nedgang både i folketal og tal på elevar i grunnskulen. Sidan 2000 har det vorte 45 færre i aldersgruppa 0-5 år på Raudeberg. Altersgruppa 6-12 år har i same periode minka med 43 barn. Folketalsutviklinga på Raudeberg, med ein nedgang på 190 sidan 2000, må grunngjenvæst med andre forhold enn om det er skule i bygda eller ikkje. Kvalheim skule vart lagt ned i 2003. Barnetala har variert, men det er i dag er like mange barn i grunnskulealder som det var ved nedlegging av skulen. Dei siste 5 åra har det vore betydeleg færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som kan tilseie at talet på barn i grunnskule kan verte mindre dersom det ikkje flyttar barnefamiliar til grunnkretsen. Grunnkretsen Kvalheim høyrer no til skulekretsen på Raudeberg.

	<p>Holvik skule vart lagt ned i 2018. Barnetala har variert og no er aldersgruppa 0-5 år om lag like stor som før nedlegging av skulen. I perioden 2018-2020 var denne aldersgruppa vesentleg lågare, noko som mellom anna har samanheng med låge fødselstal i åra forut.</p> <p>Askrova og Tansøy har og hatt ei positiv utvikling etter nedlegging av skulen.</p> <p>Det har også i Kinn kommune vert andre faktorar enn skule som er avgjerande for attraktivitet og tilflytting.</p>
Korleis er dei økonomiske og klimamessige kostnadene ved skulenedlegging og ombygging/etterbruk faktisk berekna og presentert? Rapporten peikar på både positive og negative klimaeffektar, men er vag på kvantitative vurderingar og kostnadsanslag for investering, drift og omstilling ved endra skulestruktur. Manglar her ei meir transparent, tallbasert analyse som gir eit konkret grunnlag for politiske avgjerder?	<p>Det er heller ikkje utarbeidd ei talbasert analyse fordi det er mange usikre faktorar. Klimaverknadane av arealbruken er i stor grad påverka når vi tek nye ubygde areal i bruk. Ein områdeplan utan skule vil gje ein positiv effekt ved at allereie utbygd areal kan takast i bruk til andre formål og slik gje ein positiv klimaeffekt ved at vi minkar presset på ubygde område. Endra bruk av bygget kan gje både positive og negative verknader alt etter kva som vert etterbruka. Riving av bygg gir og negative verknader for klimabudsjettet.</p> <p>Nedlegging av skular vil auke transportbehovet. Auka transportbehov vil ikkje automatisk gje større klimagassutslepp. Elektriske bussar vil t.d. gje positive klimaverknader sjølv om transportlengda vert auka. Sjå kap. 2.6.</p>
Anonym Korleis er dei sosiale og kulturelle funksjonane til skulane veka i dei samla vurderingane – og kva konsekvensar kan undervurdering av desse ha for lokalsamfunna? Skulane vert i fleire kapittel skildra som viktige møteplassar og samfunnsarenaer (særleg i t.d. Brandsøy og Krokane). Samtidig får slike aspekt liten plass i den endelege verdivurderinga samanlikna med t.d. arealbruk og transport. Er det fare for at rapporten undervlder desse faktorane, som kan vere avgjerande for buattraktivitet og fellesskap?	<p>For mange vil det verte ein lengre avstand til skulen dersom skuledrifta vert lagt ned i ei grend. Aktivitetane kan ev. leggast til den nye skulen eller til andre kultur- og idrettsflater i Florø eller Måløy/Deknepollen.</p> <p>Sjå kap. 3 der det er sett opp kva vurderingskriteria som er lagt til grunn. Både natur- og fritidstilbod, Kulturelt og sosialt mangfold og Samfunn og fellesskap er tre av totalt 11 kriteria for vurdering av verknader med og utan skule. Det er og eit eige kapittel som omhandlar bruk av skulane utover skuledrift og SFO. Paralellt med høringsprosessen er det og sett i gang eit arbeid med involvering av lokalsamfunna Raudeberg, Torvmyrane og Krokane der dei sosiale og kulturelle funksjonane er sentralt i arbeidet.</p>
Anonym Korleis vurderes habilitet i denne saka?	Etter vanlege habilitetsreglar
Anonym Hvorfor blir ikke Brandsøy skole vurdert nedlagt mtp lave elevtall og lave prognosar i årene som kommer, i henhold til videre og forsvarlig drift av skolen? Skyldes dette utelukkende det nye bygget og at kommunen da må betale ut grendalaget, slik alle dokument og rapporter konsekvent viser til?	Verknader av ev. nedlegging av Brandsøy skule er vurdert i planen
Anonym Hvorfor fortjener ikke barna i sørnre del av Kinn like gode skole og læringsfaciliteter som barna i nordre del av Kinn gjør? Hvorfor skal barna i Måløy få gå på en ny og moderne Skram skole, mens barna i Florø må ta til takke med en ihjel lappet Florø barneskule?	Alle barn fortener gode læringsareal. Det vil heller ikkje vere slik at alle elevar i nordre del av Kinn vil få gå på Nye Skram skule. Dette vil t.d. ikkje gjelde elevane frå Skavøypoll skule
Korleis tenka dåkke at det er logisk å bevare to skula som geografisk ligg heilt i utkanten, utan store muligheter for vidareutvikling? Korleis tenker dåkke at dette er fornuftig i et lengre tidsperspektiv, dersom en ser vekk fra det akutte behovet for å kunne investere meir penga akkurat her og no?	Uavhengig av kva skulestruktur ein vel i Florø og Måløy har dei mindre reiseavstandar. Ved å bygge inn kapasitet på skulane kan ein takle både færre og fleire barn.
Det ble sendt ut informasjon til alle gruppeledere og administrasjonen der en la fram avdekkede feil i rapporten på en lettfattelig måte og viste hvor i rapporten en kunne finne disse, med bildeutsnitt fra rapporten slik at den enkelte slapp å lete fram i rapporten. I forhold til avdekkede feil var svaret vi fikk « innleiingsvis meiner vi at føresetnadene i innstillinga vår til temaplan for oppvekst og budsjett-og økonomiplan ikkje inneholdt feil» Hva menes med dette, har administrasjonen bedt Norconsult ettergå rapporten i etterkant av de avdekkede feilene? I tilfelle ikke, hvordan kan en da svare at den ikke inneholder feil?	Vi kunne ikkje sjå at saka innehalde feil etter vårt syn, men tek ein utgangspunkt i endra investering får ein også endre føresetnader. I ny rapport har vi bruk mykje plass på tilgjengeleg informasjon vi har kring bygga. Internt har vi jobba tverrfagleg. Når det gjeld investeringar er det lett å undervurdere kompleksiteten.
Arne Golve spør: Fleire har påpekt åpenbare feil og mangler i rapporter som er lagt til grunn for vurderinger vedrørende nedleggelse av skoler. Det kan bla. nevnes meget utilstrekkelige tilstandsanalyser som ikke gjenspeiler riktige investeringskostnader.	Sjå svar over. Kvalitetssikring skjer gjennom gjennomgang av rapportane. Vi har ikkje eigne rutinar for godkjenning av rapport.

Hvordan blir rapporter som kommunen får utarbeidet kvalitetssikret og vurdert ift. Hva de skal benyttes til? Og hvordan har kommunen svart ut de som skriftlig har påpekt feil og mangler i rapporter? MERK! Ønsker ikke «politiker svar» men konkrete svar på spørsmålene, gjerne med henvisninger til hvor det står beskrevet prosedyre for kvalitetssikring av rapporter og hvor svar på spørsmål er lagt ut.																					
Korleis vil deling av ein skule gå føre seg i praksis, slik som foreslått i Florø? Skal det skje geografisk med nye krinsar eller er det andre faktorar som spill inn? Vil foreldra kunne påverke denne prosessen?	Om politikarane vedtek å legge ned ein skule vil Kommunedirektøren legge fram eit høyringsutkast for endring av kommunal forskrift om opptaksområde for tidlegare X skule til politisk handsaming med ein høyringsfrist slik at innbyggjarane kan komme med innspel. Opplæringsloven § 2-6 Kva grunnskole eleven skal gå på <i>Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsettjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærmast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolog skal få gå på same skole</i> Jmf: Kommunale skolekretsgrenser (kva områder som sokner til kva skule) Viser til UDIR sin sitt skriv om behandling av saker om skulenedlegging og kretsgrenser https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/narskole-og-skolekretsgrenser/udir-2-2012---behandlingen-av-saker-om-skulenedleggelse-og-kretsgrenser/																				
Hvilken av de aktuelle skolene kan raskest mulig settes i stand til å ta imot samtlige elever fra en av de andre skolene (altså alle elevene flyttes samlet fra en skole til en annen skole), uten å splitte elevene på flere skoler? Og når vil en da kunne se en økonomisk effekt av nedlegging av en skole?	Florø barneskole har den største elevkapasiteten i eksisterande bygg og kan raskast settast i stand til å ta imot elevar frå t.d. Krokane skule Sjå tabell side 105, 106 og 107 i grunnlagsdokumentet for prognose 2030-31. I dette spørsmålet vil også opplyst 2-6 komme inn med nærskule og at det må lagast høyringsutkast for endring av forskrift om opptaksområde for den nedlagde skolen																				
Rekkefølgekrav- Dersom Krokane skule blir lagt ned , korleis kan kommunen sikre at Florø barneskole er klar til å ta imot elevane fra Krokane, og unngå bruk av brakkerigger i overgangen?	Investeringsmidlar er avsett til opprusting av Florø Barneskule og i rapporten er dette følgt opp med omsyn på tekniske og funksjonelle manglar ved Florø Barneskule.																				
Spørsmål fra Monica Hvor stort uteareal har Florø barneskole pr. dags dato? Hvordan tenker dere å kompensere for mangler ved dette når skulen skal få flere elever? Svar gjerne på om dette medfører endring i førende dokument, arealplanlegging mm.	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Kapasitet</th> <th>Uteareal (ca)</th> <th>MUA (Minste uteareal/elev (m²))</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Florø</td> <td>550</td> <td>7900 + 6300</td> <td>26 (+ friareal og park)</td> </tr> <tr> <td>Krokane</td> <td>325</td> <td>12200</td> <td>38</td> </tr> <tr> <td>Torvmyrane</td> <td>300</td> <td>7800</td> <td>26</td> </tr> <tr> <td>Brandsøy</td> <td>185</td> <td>9250</td> <td>50</td> </tr> </tbody> </table> <p>Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger § 4 <i>Virksomhetens lokaler og uteområder skal være utformet slik at de fremmer helse, trivsel, lek og læring for alle barn og elever. Behovene til barn og elever med funksjonsnedsettelse skal ivaretas. Lokaler og uteområder skal kunne dekke behov for aktivitet og hvile, og forebygge sykdom, skader, ulykker, overgrep og andre alvorlige hendelser.</i></p> <p>Det er anbefalt å ha 50 m² per barn når en skal bygge nye skular. Dette gjeld ikkje for eldre skular. Friområde nær skulen blir vurdert nytta.</p>		Kapasitet	Uteareal (ca)	MUA (Minste uteareal/elev (m ²))	Florø	550	7900 + 6300	26 (+ friareal og park)	Krokane	325	12200	38	Torvmyrane	300	7800	26	Brandsøy	185	9250	50
	Kapasitet	Uteareal (ca)	MUA (Minste uteareal/elev (m ²))																		
Florø	550	7900 + 6300	26 (+ friareal og park)																		
Krokane	325	12200	38																		
Torvmyrane	300	7800	26																		
Brandsøy	185	9250	50																		
Nordre Kinn: Blir det teke omsyn til at det bør vere ein skule på kvar side av bruia?	Ja, men alle områda er vurdert med/utan skule. Det var dette som var mandatet frå kommunestyre.																				
Forstår at det antas nedgang i barn fremover. Er det likevel så enkelt at kommunen bare skal godta dette? Er det i hele tatt vurdert tiltak for å redusere nedgangen i barnetall? Incentiver for tilflytting, barnefødsler osv? Samarbeid med et næringsliv som også trenger tilflytting? Vil tro det er flere løsninger som kan forsvarer økonomisk om nedgangen bremses.	Kommunen har som hovudmål å bli attraktiv for nye innbyggjarar og etableringar. Vi jobbar med næringslivet på mange områder også med rekruttering.																				

<p>Når det gjelder skulestruktur i Vågsøy delen av Kinn, er det tilstrekkelig vurdert å fordele Måløy-elever i eksisterende skolebygg versus å bygge Skram og legge ned skolene som er tenkt med tanke på kostnad? Forstår ikke helt hvorfor det er forsvarlig kostnadsmessig å bygge en ny skole midt i byen og kjøpe opp mange private eiendommer til markedsverdi.</p>	<p>Kinn kommune har vurdert kva som kunne vere ein berekraftig og økonomisk skulestruktur på lang sikt i Måløy, ved t.d. å ha ein stor 1-7.skule i Måløy, sjå side 105-107 i høyringsdokumentet. Det er gjort eit politisk vedtak om å bygge Nye Skram skole for 250 elevar. Det vert difor tilrådd å flytte elevane som går ved Raudeberg skule over til Nye Skram skule når det vert kapasitet til dette. Utan at vi legg ned skular får vi heller ikkje innsparing i byggdrift og vi får heller ikkje redusert administrasjonskostnader som vi oppnår med færre skular.</p> <p>Det er ikkje vurdert å flytte elevane frå Raudeberg til Skavøypoll skule. Dette med utgangspunkt i : Opplæringslova § 2-6 som seier at elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skuleplass skal kommunen legge særleg vekt på kva skule som ligg nærest heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktihøve og kapasitet på skulane, og at barn i same nabotag skal få gå på same skule. I forarbeida til den nye opplæringslova frå 01.08.2024 vert det framheva at i ordet nærmiljø ikkje berre ligg avstand men og tilknyting. Regelen inneber at barn som bur i det same området, skal få gå saman på skulen, og at denne skulen skal vere ein skule i det som er det naturlege nærmiljøet.</p>
<p>Anonym Er det nokon områder i søndre del som har mer risikoutsatte og sårbarer grupper enn andre områder? Eg har lagt merke til at nokon politikarar blir uglesett fordi dei spør om dette. Men dette er relevant og viktig! Og eg meina, som politikarane, ikkje kvar det bur enkelt barn som reknast som sårbar, men grupper med kjente risikofaktorer for utenforskap m.m. Er det lik fordeling i områda i søndre del av kommunale boliger, asylmottak, lavinntektsfamilier? Er det likt fordelt mellom områdene; Brandsøy, Torvmyrane, Krokane, Sentrum og Havrenes? Korleis skal dette vektast opp i mot områdenes behov for å bevare skulen til barna som bur i området?</p>	<p>Det er ikkje gjennomført analysar av dei sosio-økonomiske forholda i dei ulike områda i høyringsutkastet.</p> <p>Debatt, Kinn Bekymringsmelding frå rektorar: – Kvar bur dei sårbare borna?</p> <p>Kva er eit sårbart barn? Er det jente som nettopp har fått beskjed om at mamma og pappa ikkje skal vere kjærastar meir? Eller guten som mista bestefaren sin? Er det ustabile heimeforhold, psykisk sjukdom i heimen, nevrouwlingsforstyrningar, funksjonsnedsetjingar, mobbing og utanforskap, fattigdom, minoritetsspråk, negative relasjonar, høgt prestasjonspress eller flytting? Uansett kva ein ynskjer å kartlegge, så er svaret: Dei finst overalt! Det er ingen område som er betre eller verre. Som leiarar er barnet sitt beste vårste priorititet. Vi er avhengige av gode, trygge og omsorgsfulle vaksne i skulane våre. Det er dei som skal ta seg av dei sårbarer borna. Det er dei som skal trygge foreldre i at det mest verdifulle dei har, er inkludert og har det trygt og godt på skulen.</p>
<p>Marie Saure Kinn kommune viser til Nordahl si forsking for å grunngje at større skular er betre og at småskular bør leggjast ned. Men Nordahl sjølv seier at skulekvalitet ikkje kan forklarast med storleik åleine, og fleire andre forskrar peikar på fordelar med små skular – særleg i distrikta. FAU har tidlegare problematisert den einsidige bruken av forsking. Likevel held kommuneadministrasjonen fram med å bruke denne forskinga som argument. Korleis kan kommunen forsvare at ein brukar utvalde delar av forsking som grunnlag for store strukturelle endringar, utan å ta omsyn til heile breidda i kunnskapsgrunnlaget?</p>	<p>Rapporten legg ikkje funn frå denne rapporten til grunn for val av skulestrukturalternativ. Det er ikkje skulestørleik som er avgjerande for tilråding av alternativ. Det er tre viktige grunnar til at det vert foreslått nedleggning av skular og det er overkapasitet i skulebygga, reduksjon i driftsrammer knytt til redusert elevtal og mange m2 skulebygg som vi ikkje har vedlikehalde.</p> <p>I eit av høyringsinnspeila til temaplan for oppvekst vart det peika på at Florø barneskole er "overfylt" og at dette kan føre til at elevar ikkje vert sett og difor ikkje føler seg trygge. Høgskolen i Innlandet laga i 2022 i kunnskapsoppsummering om «Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring» I denne rapporten vert det konkludert med at; «<i>Gjennomgang av forskning omkring sammenhengen mellom elevens trivsel og omfanget av mobbing og skolestørrelse viser at størrelsen på skolen har tilnærmet ingen betydning for elevenes trivsel og omfanget av mobbing. Størrelsen på skolen forklarer alene ikke om elevene trives eller ikke trives på skolen, selv om det er en svak tendens til at elever på småskoletrinnet trives noe dårligere på skoler med mindre enn 150 elever</i>». Det vert vidare peika på pedagogiske variablar knytt til leiing, samarbeid mellom lærarar, vennskap og undervisning som kan gje ei forståing av og forklaring på at skular bør ha ei viss storleik, og at både for små og for store skular kan ha nokre utfordringar.</p>
<p>Anonym Krokane skule er ikke kun en skule, men og en møteplass i ferier og på kveldstid i hverdagen. Mange barn møtes der hver dag og klatter, spiller ballspill, sitter og prater osv. Gymsal og klasserom blir og leid ut på kveldstid til ulike fritidsaktiviteter. Det er for mange for langt og utsrygt å gå til byskolen på kveldstid. Hva er samfunnskostnaden ved at barn på Krokane mister møteplassen og fritidstilbuet sitt?</p>	<p>Det er ikkje teke stilling til etterbruken. Det skal parallelt med høyring av skulestruktur jobbast med korleis ein kan utvikle Krokane utan ein skule, då vil m.a. funksjonen som møteplass/fritidstilbod vere sentral i dette arbeidet.</p>
<p>Anonym Er det lov i dagens politiske situasjon å rive bomberom uten noen planer om å bygge opp nytt? Krokane skule har bomberom</p>	<p>Kinn kommune forventar at det vil komme nye krav knytt til nybygg og tilfluktsrom. Alle bygg har fått dispensasjon sidan 1990-tallet i høve tilfluktsrom. Vi avventar no nye reguleringar i høve denne problemstillinga.</p>

Spørsmål frå Anita: I desse tider med øka fokus på beredskap; har de tatt med i vurderinga at Krokane skule har bomberom som vil forsvinne om bygget forsvinner?	Kinn kommune forventar at det vil komme nye krav knytt til nybygg og tilfluktsrom. Alle bygg har fått dispensasjon sidan 1990-tallet i høve tilfluktsrom. Vi avventar no nye reguleringar i høve denne problemstillinga.
Anonym Er det noen av dere som jobber opp mot regjeringa for å få økte bevilgninger slik at en kan bevare skolene?	Lokalpolitikarane har jamleg kontakt med det nasjonale nivået. Dette gjeld stort sett for alle parti.
Anonym E det mulig at Raudeberg og Skavøypoll blir slått sammen eller bare satt opp som eksempel?	Vedtak om ev. endring i skulestruktur kan ende opp med at eit av alternativa vert vedtatt. Viser elles til Opplæringsloven § 2-6 Kva grunnskole eleven skal gå på Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsettjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen legge særleg vekt på kva skole som ligg nærest heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktihøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole. Mellom Raudeberg og Skavøypoll ligg Skram skule. Å reise forbi den vil mest truleg bryte med nærskuleprinsippet.
Anonym Hvor lang tid vil elevene bruke på å gå mellom Krokane skule og Torvmyrane skule? Hvor bratt er den bakken som står om sammenlignet med stadionbakken eller Halsbakken i Måløy?	Mellom Barneskulane Krokane skule og Torvmyrane skule er avstanden 800 m. Høgdeforskjellen er omlag 100 m. Vegen er grusa og har lys. Gangtida vil variere med m.a. alder. Stadionvegen frå gate 4 til barnehagen er om lag 600 meter lang om har ein høgdeskilnad på om lag 80 meter.
Er den bratte grusa stien mellom Krokane og Torvmyrane, der det ikkje er mulig verken å sykle eller trille ei barnevogn, definert som skuleveg? Er den vurdert og kvalitetssikra til det formålet?	Stien er godkjend som skuleveg, men ved ei skulenedlegging må ein gå gjennom vegane og oppgradere trafikk tryggleiksplanen vår på nytt. Sjå elles Trafikktryggingsplan 2021-2030 https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a60e997f-9f44-45bb-80a9-ad8d8122410c/#/
Aud Norunn Vig I dag har Florø barneskole ein for liten gymsal, og treng å gjer tiltak for å kunne tilby kroppsøving innan regelverkets rammer. Lovbrotet i dag handlar igrunn ikkje om sjølve storleiken på gymsalen, men på kapasiteten tilgjengeleg samanlikna med antal elevar som skal bruke den. Kva er årsaka til at ein ikkje har vurdert eit alternativ til utbetring av Florø Barneskule med så lavt antal elevar at ein ikkje treng ny, ekstern gymsal, men kan benytte arealet ein i dag har tilgjengeleg? Dette er informasjon vi har ytra ønske om å få på bordet, men bestillinga til k.dir vart formelt rundare, slik at adm kunne forme spm sjølv og spare tid med ny utgreiing. Kan forvente svar på dette no?	Dette er utgreidd i vedlegg frå Norconsult 4.1 Justering av inntaksområda i Florø sentrum for å tilføre fleire elevar til Krokane skule. I alternativ 5 er det utarbeidd eit framlegg om å fordele elevar jamnare mellom skulane i Florø Sentrum. Det er såleis ikkje hald i påstanden. Brorparten av elevane i Florø barneskole får meir enn 2 km lengre veg med Krokane som skulestad. Mange elevar får mellom 3-4 km avstand frå heim til skule om Krokane skule vert tomt for felles skule i Florø sentrum. Brorparten av elevane vil få nærskulen under 2 km i avstand ved å velje Florø barneskule som skulestad for eit felles barnesteg i sentrum. Det er berre 19 elevar i Krokane inntaksområde som får ein avstand meir enn 2 km om dei må gå på Florø barneskule som nærskule
Marie Ryland Frøyen «Krokane skule har stor tomt og kommunen eiger tomter rundt. Det er store muligheter for videre utvikling i området. I tillegg kan Krokane skule ta imot heile Brandsøy skule eller heile Torvmyrane skule i sin heilhet. Kvifor blir ikkje disse faktorane veid tungt? Kvifor skal barna på Krokane skule ikkje berre miste skulen sin, men deretter retramatiserast med at dei i tillegg skal miste viktige klassevenner basert på barnas bustadadresse?»	Vi har omtalt at skulebytte er ein risikofaktor. Vi har derfor ekstra fokus på å trygge elevar og foreldre ved slikt bytte av skule. Alle skulane våre har utviklingspotensiale når det gjeld utearealet. Skulebygga på Krokane og på Florø Barneskule treng begge stor oppgradering for å kunne bli funksjonelle og ha ein teknisk stand som held seg over tid.
Anonym Siden en vurderer å legge ned skuler som er veldig viktige for folk, har en da kuttet på alt annet unødvendig først? Jeg tenker på fotballhallen feks. Den er vel helt avlyst nå eller? Veldig mange barn begynner fotballinteressen på fotballbane i nærmiljøet som feks den på Krokane skule. Flere og flere har heller ikke råd til organisert idrett.	Kinn kommune har eit omstillingsprogram og jobbar med å tilpasse budsjett med eit økonomisk omfang på 160 mill. Kr. Vi jobbar med kring 80 små og store omstillingstiltak.
Anonym Dersom Krokane Skule blir lagt ned, korleis sikrer de trygg skuleveg for "Krokane-barna" som blir overført til Torvmyrane. I tillegg til at det er særskilt bratt, er det klink is på stiane om vinteren. Er dette rekna som trygg skuleveg?	Stien er godkjend som skuleveg, men ved ei skulenedlegging må gå gjennom vegane og oppdatere tryggleiksplanen og detaljere tiltak. Sjå elles Trafikktryggingsplan 2021-2030 https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a60e997f-9f44-45bb-80a9-ad8d8122410c/#/
Anonym Jmfør dagens avisoppslag. Kva konsekvens får det for saka om skulestruktur at Skavøypollen skule ikkje er godkjent? Vidare, kva er status i høve godkjenning av Florø Barneskule? Er det berre rett frem å ta av grøntområde tilhøyrande prestegården for å stette krava om tilstrekkelig stort uteområde, eller ligg det føringar i reguleringer/planar som gjer til at dette ikkje er rett fram? Har de undersøkt dette	Vi har ei utfordring på Skavøypoll skule. Vi har planlagt å bruke årlege investeringsmidlar/avsetning til kommunale bygg for Skavøypoll skule, men dette må vi jobbe vidare med. Det er sett av eigne investeringsmidlar til Florø Barneskule. Det vil ikkje vere aktuelt å flytte elevar før skulebygga er oppgradert.

tilstrekkeleg? Dersom en legger ned Krokane Skule utan at rekkefølgekrava er stetta, kor skal brakkeskulen stå? Kva konsekvens får det for manglar i uteareal?	
Anonym Hva er kostnaden for miljø og natur ved å rive Krokane skule? Bygningsmassen kan jo fint oppgraderes om det skulle være behov for det. Mest sannsynligvis enklere og billigere enn Byskulen. Det vil og være en ekstra belastning på veier og miljø ved å sende alle til sentrum for skole og fritidsaktiviteter. Har dere regna på dette?	Barne og unge sin fritidsaktivitet skjer ofte på tvers av skulegrenser. Krokane skule kan oppgraderast, og det er synleggjort i dokumentet. Det er rekna på fordeling av elevar mellom skulane i sentrum av Florø.
Anonym Samfunnskostnaden ved mobbing er stor. Man kan i verste fall ende opp som ufør om man blir mobbet. Hvis noen blir mobbet på skolen og vil bytte skole så vil dette ikke lenger bli mulig om man kun skal ha en stor skole. Hvordan tenker dere å løse dette?	Det er ikkje i utgangspunktet lagt opp til at det i Måløy eller Florø berre skal vere ein stor skule. Skulestruktur eller skulestørrelse har lite effekt på trivsel eller skulemiljø. Det er andre faktorar som er avgjerande for godt skulemiljø.
Silje V. "Trafikktryggleiken og infrastrukturen kring ein skule vert ikkje større eller mindre om ein skule vert nedlagt", står det i rapporten punkt 2.7. Tør påstå at å flytte en hel skole med elever vil øke trykket på de gjenværende skolene mtp parkering, henting/bringing og generelt økt trafikk. Det er utenkelig de fleste fra Krokane skal sykle/gå til ny skole, jfr. bilsituasjonen omkring Nepjarhaugen barnehage, eller den tidligere poengtere lave standarden på gangveien opp nordsida av Botnaholten. Bør ikke disse faktorene være med og vektlegges, selv om kostnadene holder til i en annen budsjettpost?	Reguleringsplan for Hans Blomgate har tatt opp i seg trafikktryggleik ved Florø Barneskule, men ved overføring av elevar frå ein skule til ein annan, avhengig av kva skule det eventuelt skulle bli, må ein gå gjennom konkrete situasjonar meir i detalj-
Anonym Kva konkret metodikk er nytta i konsekvensanalysen som no blir lagt fram – og kvifor vart ikkje denne brukt frå starten av prosessen?	Vi har vurdert konsekvensane etter mange dimensjonar, både det som gjeld samfunnmessige- og områdemessige forhold (m.a. infrastruktur, arbeidsmøglegheiter, bustadmarknad, utdanning, tryggleik, natur- og fritidstilbod, kulturelt og sosialt mangfald, levekostnader, samfunn og fellesskap, stabilitet og utvikling), investering, økonomi, barnas beste, kvalitet, avstand m.m.
Anita Uansett hvilket vedtak som blir fattet etter høring, når tenker dere det er realistisk å iverksette vedtak? Vil det sikres rekkefølgekrav for evt rehabilitering på mottagende enhet for å sikre at den er godkjent i forhold til gjeldende regelverk? som areal ute og inne, grupperom osv	Ja , vil vi sikre at mottakande skule har ein standard som gjer at bygga blir godkjende.
Anonym Krokane skule er ein viktig møteplass for barn, unge, foreldre og lokalsamfunnet. Nedlegging vil svekke det sosiale samholdet og gjøre det vanskeligere og oppretttholde aktiviteter og felleskap. Har Kommunen tenkt på kva det vil føre til i framtida og kva det vil koste i form av sosiale vanskeligheter? Kan elevene føle seg mindre heime på en større skole som er mindre oversiktlig. Kan familier vegre seg for å bosette seg på Krokane om skulen forsvinn? Kva ønsker kommunen Krokane som nærområde skal være. Bygninger som ikkje brukes blir stående tomme og forfalle noe som fører til forringelse av området? Lengre skolevei, økte kostnader og trafikkfare?	Barn og unge bruker gang- og sykkelvegnettet i dag til dagelege aktivitetar, men vi må gå gjennom trafikksikkerheit på nytt. Kva skule som blir valt som nedlagt veit vi ikkje i dag, men det er vurdert slik at vi skal sikre og trygge overgang til ny skule for barna. Både Krokane og Florø Barneskule treng oppgradering. I rapporten er det vurdert å rive bygge heilt eller delvis dersom ein skule eventuelt skal bli lagt ned, og det skal bli sett av midlar til planlegging av anna bruk
Anonym Har inntrykk av at næringslivet i Florø går veldig bra og at det er forventa vekst i sysselsetting framover, eks. Westcon og underleverandører, Nor Tekstil sitt nye adm.bygg og ny aktivitet på Fjord Base og Havland. Kor gode prognosar har dere for befolkningsutviklingen? Ref. eks. Også høgare søker tall til barnehager enn forventa. Bør kommunen være offensiv og satse på barn og unge, dvs oppretttholde dagens skulestruktur og slik være attraktiv ift potensielle tilflyttere? Dersom ein skule skal legges ned framstår det som uforståelig at Torvmyrane som fungerer så godt i dag vurderes nedlagt Barna er det kjærester vi har og en attraktiv skule vil telle tungt ift kor ein vel å busette seg.	Kommunen jobbar mykje med å legge til rette for næringsverksemd, men sjølv større kommunar med høg tilflytting vurderer å legg ned skular, som Oslo og Bergen. Kommuneøkonomi, færre barn i heile landet og ikkje minst at vi ikkje har råd til å oppgradere alle skulane våre. Skavøypoll, Krokane og Florø Barneskule er i dårleg forfatning.
Anonym Korfor skal en IKKE legge ned Torvmyrane skule? Svar på ka slags vurderinger som er gjort ut over skulebygget som ifølge OSE er i like ille/dyrt som Krokane skule. Dersom ein skal tenke logisk - framtidsretta og ta hensyn til trafikkproblematikken som er over Botnaholten, er det alt anna enn logisk å bevare denne skulen!	Mandatet som kommunestyre har gitt administrasjonen er å vurdere alle område med og utan skule. Derfor er også Torvmyrane vurdert.
Anonym Kvífor sammenlikner Kinn seg med Kostra gruppe 7? Det er ingen andre kommuner i den gruppa som kan sammenliknast med geografien til Kinn kommune. Har kommunen vurdert å søke ssb om å bli plassert i ei anna gruppe for å få ein meir rettferdig sammenlikningsgruppe?	Vi er i ei gruppe med mellomstore kommunar. Geografi har ikkje så mykje å seie som kostnader til kommunar, inntektsnivået har større betydning for kva ressursar kommunen rår over.

Anonym Kommunens økonomiske bæreevne er utfordret risikomessig sier KD. Hvorfor hopper en da glatt over feil som er avdekket i investeringsanalysene. Betyr det ingenting hva total investeringeskostnad på Florø Barneskole blir?	Jo, vi jobbar alltid med å dokumentere og kvalitetssikre kostnadstal. Foreløpig har vi ikke feil i investeringsanalysen.
Anonym Kva vil det koste med skuleveg, altså trygg skuleveg frå Krokane til Torvmyrane? Områdene må vel omregulerast for å tåle Meir trafikk, samt at stien må sikrast om vinteren?	Viser til tidlegare svar.
Anonym Korleis kan kommunedirektøren meine at det er trygg skuleveg fra Krokane til Florø barneskule med den enorme trafikkmengda som er til og fra byen kvar einaste dag? Og kva med sikkerheten Krokane har med tilfluksrom for oss som bur her?	Barne, unge og vaksne ferdast mellom dagleg mellom delane i Florø i dag. Gang- og sykkelstinet vert jamleg oppdatert og kommuneplanarbeidet viser stiar/tiltak for gang- og sykkelvegar. Trafikktryggleiksplan blir jamleg oppdatert. Vi må vurdere tilfluksrom når vi får nye forskrifter.
Anonym Hva er den reelle overkapasiteten i skolebyggene i Søndre Kinn? Etter gamle måleparametre kunne Krokane ta i mot 350 elever mener jeg å ha lest. Målt mot dette vil det si en overkapasitet på ca 200 elever. I Norconsult sin rapport sier de at dagens tall for å drifta lovlige er 200 elever. Altså en overkapasitet på ca 50 elever. Tilsvarende resonnement vil jeg tro kan tillegges Florø Barneskole. Hvilke tall er det administrasjonen opererer med når det er store avisoppslag om overkapasitet i skulen?	Vi har i dag ein overkapasitet ut frå funksjonane skulen har i dag og vi har fleire bygg enn vi treng. Dersom vi skal oppgradere skulebygga etter dagens arealnorm brukar vi meir areal til spesialrom, grupperom og andre funksjonar.
Anonym Kva er dei langsiktige kostnadene med å legge ned Krokane eller Torvmyrane skule? Ift eks redusert attraktivitet/tilflytting (og reduserte skatteinntekter) reiseveg/transport, kostnader til rehabilitering av gjenværande skolebygg, sosiale utgifter, elevar med særskilte behov som kanskje treng å gå på en mindre skule ift støy mv. konsekvensar for bustadprisar mv. trafikkproblem mv. kan vi risikere at regnestykket blir negativt ved å legge ned ein skule?	Det er ikkje eit eintydig svar på dette, men vi har ikkje belegg for å hevde at kommunen sin attraktivitet blir svekka med å gjere endringar i skulestruktur. Avstandane i Florø er trass alt små og andre faktorar enn skulestruktur betyr truleg meir for skatteinntekter og tilflytting. Rapporten legg opp til at område der ein skule skal leggast ned skal ein setje av midlar til anna bruk slik at ein får revitalisert områda.
Anonym Då Torvmyrane vart bygd vart det sagt at den enkelt kunne gjerast om til eldre. Er det gått heilt vekk fra den tanken?	Dette har vi undersøkt, og ser at dette ikkje lett kan gjerast. Parallelt med høyringsprosessen er det og sett i gang eit arbeid med involvering av lokalsamfunna Raudeberg, Torvmyrane og Krokane der ein skal sjå på mogleg etterbruk .
Anonym Korfor blir Krokane skule sammenligna med Florø barneskule? Krokane skule driftes IKKJE på dispensasjon. Det gjør FBS.	Både Florø Barneskule og Korkane treng oppgradering, vi har truleg økonomi til å ruste opp begge.
Anonym Hvorfor er det eneste tiltaket færre klasser, som vil si flere barn pr klasse? Etter meg bekjent har de i mange år jobbet med å redusere klassestørrelsene på Florø Barneskole, fordi en ser at større klasser ikke er gunstig for læringsmiljøet. Er dette ikke tilfellet lenger? Hvor er barnas beste sitt perspektiv i denne vurderingen? Jeg forstår utfordingene med færre barn og økonomiske bevilninger, men flere barn pr klasse føler jeg meg trygg på at betyr økonomiske utfordringer i et helt annet perspektiv. Gjerne utfordringer en ikke ser igjen i kommuneøkonomien, men i samfunnsøkonomien. Hvorfor jobbes det ikke mer opp mot Staten i disse spørsmålene for å få økte bevilninger?	Som omtalt har ikkje større skular dårlegare læringsresultat eller mindre trivsel enn større. Viser til tidlegare svar om barnas beste innleiingsvis. Alle politiske parti nyttar sin kanalar for å få meir ressursar til kommunesektoren
Anonym Inneklima og utforming av bygg og uteområde iht forskrifter mv bør tas meir på alvor. Det er utrolig å tenke på hvor dårlig forfatning Florø Barneskole har vært i så mange år sjølv om det er gjort mindre utbetringer. Kva er tanken dersom Torvmyrane skule blir lagt ned? Skal ungane gå på skule i brakker på Krokane? Vaksne folk hadde aldri gått med på å ha det slik på sin arbeidsplass, da hadde de bytta jobb.	Dersom elevar skal overførast frå Torvmyrane til Krokane må Krokane både oppgraderast og ein må auke kapasiteten.
Anonym Vedr tiltak som skal medføre færre klasser. Litt usikker korleis dette er tenkt iif Torvmyrane da det er omrent fulle klasser i dag, eks 1. klasse til hausten er 25 elevar, så det vil uansett bli 2 klassar ved ei samanslåing	Ja dette er teke omsyn til ved flytting, dvs. kor mange elevar og kor mange grupper ein treng ved flytting. Vi har god oversikt over dagens elevtal ved kvar skule
Vedlikeholdskostnader Er det tatt med i beregning dette med vedlikeholdskostnader på lang sikt, ift å legge ned et nyere skolebygg istedet for å legge ned et eldre skolebygg?	Ja, det er tek omsyn til driftskostnader og rente- og avdragskostnader ved alle alternative om er vurdert i rapporten.
Anonym	Vi har sett av midlar til å rehabilitere Florø Barneskule. Det ligg i investeringsprogrammet.

Er det relevant å vise til hvordan det var før? Når att på til Florø Barneskole ikke er en godkjent skole med dagens elevtall virker det søkt.	
Anonym Dere sier at dere planlegger å gjenbruke Skule bygga. Hvis dere planlegger å legge ned Krokane skule hvordan skal dere da gjenbruke Skule bygget?	Rapporten har analysert kva som kan gjerast om ein skule skulle bli lagt. Det er laga 9 alternativ, og det er omsynteke at ein kan måtte rive/endre bruken av eit område dersom ein skule skal bli lagt ned. Rapporten synleggjer planleggingskostnader og investering i ny bruk. Parallelt med høyningsprosessen er det og sett i gang eit arbeid med involvering av lokalsamfunna Raudeberg, Torvmyrane og Krokane der etterbruk av bygg m.a. er sentralt.
Anonym Dere sier at dere ikke vekter fritidsaktivitetar på skulene i rapporten. Dette høres veldig uansvarlig ut. På Krokane er det et yrande liv på kveldstid både ute og inne. Tenker dere at det ikke har en samfunnskostnad å fjerne dette tilbuet? Det er uaktuelt for de fleste å la barna gå alene til sentrum for å sparke fotball feks etter skoletid.	Bruken av skulebygga er synleggjorde også på kveldstid er synleggjort i rapporten. I rapporten er det vurdert korleis ein kan rebruke område om ein skule skulle bli lagt ned. Både Skram skule og Florø Barneskule vil få utvida hallkapasitet til fritidsformål. Parallelt med høyningsprosessen er det og sett i gang eit arbeid med involvering av lokalsamfunna Raudeberg, Torvmyrane og Krokane der dei sosiale og kulturelle funksjonane er sentralt i arbeidet.
Anonym Tenker dere at barna på Krokane skal gå til Torvmyrane eller byskulen? Hvor lang tid tror dere at det tar for en 6-åring? Bakkane opp til Torvmyrane er helt vilt bratte og eg trur at flere av dere som sitter og bestemmer bør ta dere en gåtur opp ditt før dere bestemmer at små barn skal gjøre dette.	Det er 100 m. høgdeforskjell mellom Krokane og Torvmyrane. Vegen er godkjend som skuleveg.
Maria Saure Ikke mitt spørsmål i utgangspunktet, men vil likevel spørre et oppfølgingsspørsmål; hvordan er samlokalisering av skole og barnehage et godt argument for at disse skulene ikkje skal legges ned? Dersom elevtallet går kraftig ned, går ikkje tallet kraftig ned i barnehage først? Eller kan dere svare på kor alle disse barnehagebarna forsvinner rett før skolestart?	Prognosene vår tilseier at barnetalet for barnehagebarn er stabile. Derfor ser vi også at elevtalsnedgangen flater ut etter 8-10 år.
Anonym Er ikke Brandsøy skule den minste skule? Hvis man på død og liv må legge ned skuler, hvorfor ikke den? Den kan lettere taes over av private og bli Montessori skule. Slik mister ingen tilbud i nærmiljøet.	Rapporten konsekvensvurderer også å legge Brandsøy skule. Kommunestyret gav mandatet som alle område skulle vurderast med og utan skule.
Lenita Hatleseth Korleis forklare forslag om nedlegging av Torvmyrane som er Florøs nest største skule? Med 177 elevar kommande skuleår? Barnehagen er til og med sprengt... og 1 klasse blir på heile 25 elevar kommande skuleår... vi ser en skule i vekst...så det her er merkelig	Rapporten konsekvensvurderer også å legge Torvmyrane skule. Kommunestyret gav mandatet som alle område skulle vurderast med og utan skule.